




Forvaltningsplan for Solvorn

Fagrappport

av Geirr Vetti og Mons Kvamme 2010

Innhald:

- 1) Innleiing
- 2) Kort bygningshistorisk oversyn
- 3) Kvalitetar og verdiar
 - 1.1 Autentisk kunnskapsverdi
 - 1.2 Antikvariske verdiar
 - 1.3 Arkitekturhistoriske verdiar
 - 1.4 Opplevelse- og bruksverdiar
- 4) Solvorn som inngangsportal til Urnes stavkyrkje
- 5) Trugsmål og utfordringar
- 6) Tematiske tilrådingar
 - 1.1 Praktisk bygningsvern
 - 1.1.1 Innleiing
 - 1.1.2 Definisjon av omgrep
 - 1.1.3 Strandsitjarhus
 - 1.1.4 Naust
 - 1.1.5 Sjøhus
 - 1.1.6 Uthus
 - 1.1.7 Christianselyst
 - 1.1.8 Walaker hotell
 - 1.1.9 Sveitserstilhusa
 - 1.1.10 Oppsummering praktisk bygningsvern
 - 1.2 Utemiljø
 - 1) Inngjerdingar og skjemmande framandelement
 - 2) Fargesetjing
 - 3) Skilting
 - 4) Ljossetting
 - 5) Kulturlandskap, land- og hagebruk
 - 1.3 Trafikk og parkering
 - 1.4 Aktivitetar på fjorden
 - 1.5 Fagråd
- 7) Prioritert handlingsplan
- 8) Vidare perspektiv



Føreord

Denne fagrapporten er utarbeida på oppdrag for Luster kommune. Den er meint å vera eit innspel og eit grunnlagsdokument i arbeidet med Forvaltningsplan for Solvorn. Forfatterne har mange års røynsle frå ulike oppdrag i Solvorn. Under arbeidet har vi hatt to synfaringer i Solvorn og hatt tre møte med kommunen. Framstillinga støttar seg vidare på diplomoppgåva til Fylkeskonservator i Hordaland Per Morten Ekerhovd, innlevert ved NTNU i 1995, og anna litteratur. Innhaldet i rapporten er forfattarane sine sjølvstendige synspunkt og er såleis ikkje utan vidare Luster kommune si oppfatning eller framlegg.

Luster, den 1. juli 2010

Geirr Vetti

Mons Kvamme

Fagrapporten er montert og illustrert av Luster kommune

1 Innleiing

Solvorn står i dag framfor eit vegskilje. For kvart år vert det mindre att av autentiske kvalitetar knytt til bygningar (listverk, vindauge og materialar), medan lettvinde løysingar og bruk av simpelt byggjevirke grip om seg. Dei gamle strukturelementa (vegar, grøver, geilar m.m.) vert òg skipla bit for bit. Det er tid for å velja: Anten tek ein vare på det opphavlege og autentiske strandsitjarmiljøet, eller ein let utviklinga gå i retning av ein modernisert hyttelandsby.

Skal Solvorn takast vare på som ein historisk stad er det turvande med ein monaleg innskjerping i krava til istandsetjing, rehabilitering og restaurering. I nokre høve lyt ein òg vurdere attendeføring av tidlegare arbeid der dette er skjemmande eller feilaktig utført. Forvaltinga må verta tufta på ei forståing av at Solvorn er ein stad av nasjonal og til dels internasjonal verdi. Det må takast omsyn til dette i alle byggjesaker, og difor kan ikkje alle få stetta sin søknad om bruksendring eller ombygging.

Solvorn er særskild verdifull som historieforteljande døme på tidleg tettstadutvikling. Både arkitektonisk og strukturelt syner staden på ein instruktiv måte korleis utviklinga av denne type busetnad tok til. Til skilnad frå dei fleste liknande tettstader på Vestlandet stogga den vidare framvoksteren opp, og difor er dei opphavlege og autentiske kvalitetane so viktige å hegna om. Det er ikkje berre bygningane dette gjeld, men like mykje heilskapen med kulturlandskap og strukturelle element som vegar, geilar og veitar (grøver). Fram til vår tid har alt dette gjeve grunnlag for stor opplevingsverdi for dei tilreisande og større identitetskjensle for dei fastbuande.

I dag står bygda framfor store utfordringar. Det vert færre fastbuande og fleire turistar, krav til bustandard og feriehus endrar seg raskt og det er lite att av den tradisjonelle næringsstrukturen. Dette har ført til ei utvikling som er i ferd med å setja dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn under press. Det er difor trong for ei haldningsendring hjå alle aktørar, tufta på på ein medviten forvalting av dei kvalitetane som framleis er att. Dette føreset eit langsiktig perspektiv på det arbeidet som må gjerast. Ved å hegna om det opphavlege preget både når det gjeld heilskap og på detaljnivå, vil bygda framleis kunna hevda seg som ein kulturstad og eit spennande reiselivsmål både nasjonalt og internasjonalt. Nærleiken til Urnes stavkyrkje er òg ei forplikting. Med dei kvalitetane som er i bygda har Solvorn eigenverdi på sjølvstendig grunnlag som på nokre område kan jamnførast med stavkyrkja. Om dette ikkje vert teke vare på, endar staden som ein idyllisk ferjekai for dei reisande på veg til Urnes.

2 Kort bygningshistorisk oversyn

Tidlegare funn syner at det har vore busetnad i Solvorn alt i Vikingtida. Nettopp avslutta utgravingar av fleire langhus på Borhaug har gjeve prov på busetnad her frå omlag Kristi fødsel. Vantande moderne arkeologiske registreringar frå resten av bygda gjer det vanskeleg å seia om busetnaden i gardssona kan gå enno lenger attende. Ut frå nyare funn frå andre delar av Luster er det ikkje usannsynleg. Det sto ei stavkyrkje i Solvorn i mellomalderen, men plasseringa er ukjend. Truleg har den lege nær den gamle kyrkjegarden, omlag 150m frå den nye kyrkja. På mange av dei gamle gardane i indre Sogn var det før utskiftinga store klyngjetun som sette sitt tydelege preg på landskapet. Dette ser ikkje ut til å ha vore så framtrudande i Solvorn. Derimot hadde tunskipnaden på fleire av gardane meir preg av rekkjetun.

Framvoksteren av strandstaden i Solvorn har røter langt attende i tid. Strondi var ei naturleg hamn og omlastingstad for gardane, ikkje berre i Solvorn, men òg for mange gardar på Hafslo og Mollandsmarki. Det må difor ha vore naturleg å ha naust og gjerne ei lagerbu her ved sjøen. Dertil var det kyrkje i bygda, og dette må òg ha ført til trafikk til strondi. Når dette naustmiljøet byrja å utvikla seg til noko meir er sjølv sagt uråd å seia, men i alle høve har utviklinga vore i gang tidleg på 1600-talet. Då var det sterk auke i folketalet i indre Sogn, og for mange av dei som det ikkje var rom for på gardane, var det naturleg å søkja til gryande tettstader som Solvornstrondi. Her var det mogeleg å få seg småjobbar anten på land eller på sjøen. Alt i 1640 var det marknad for ein handelstad på Vette-Vollaaker (seinare Walaker), i 1647 kom her skyssstasjon og noko seinare gjestgjevare og tingstove. Det vart òg opna handel på Sjøtun og seinare på Sanden. Dette tyder på ein rask utvikling av strandstaden tidleg på 1600-tallet.

Frå gamalt var det allmenning nede ved strondi. Truleg var den avgrensa i sør og nord av dei to grøvene som kjem ned til sjøen, og mot vest like over den noverande vegen. Dei fleste som slo seg ned som strandsitjarar sette opp hus her nede. Det var små, enkle husvære med to eller tre rom. Dei var av same type som bustadhusa på gardane, men mykje mindre. Mange hadde òg eit lite stabbur og små uthus med rom for nokre husdyr og litt fôr. Strukturen på busetnaden vart i stor grad styrt av den opphavlege naustrekkja. Strandsitjarane slo seg ned bak denne, men eigedomane vart ofte liggjande parallelt med retning ned mot sjøen. Kor tett det var høve til å byggja veit vi ikkje, men frå Vikøyri er kjent ein regel om at avstanden minst måtte vera eit hammarslag. Noko liknande kan ha vore tilfelle i Solvorn. Sjølv om det var trongt mellom husa, var det likevel eit viktig prinsipp om allmenn ferdsle langs geilar og gangstier m.a. for å sikra lett tilkomst til sjøen.



Foto: Frances Frith



Foto over og under: Knud Knudsen



Plassmangelen gjorde at den einskilde strandsitjar kunne ha bygningane sine spreidd på fleire stader. Det sjølvgrodde preget strandstaden kom til å få, kunne minna mykje om eit vestlandsk klyngjetun. Dette var som nemnt ikkje framtrødande på gardane i Solvorn, men til dømes tvers over fjorden låg (og ligg til dels framleis i dag) eit velutvikla klyngjetun. Skilnaden var naustrekka og at eigedomane i strandstaden hadde ein parallell orientering ned mot sjøen. Ein annan skilnad var reint sosialt. Klyngjetun kunne det vera sjølv på storgardar, medan strandsitjarane stort sett var dårlegare stilt reint økonomisk. Fleire historikarar har omtala strandsitjarmiljøet som "bygdeslum". Typisk nok budde gjestgjevaren, handelsmennene, presten og seinare sorenskrivaren i utkanten av strandstaden.

Solvorn si rolle som kommunikasjonsknutepunkt vart stadig viktigare, og dette førte til auka press på byggjegrunn. I sær var kontakt til sjøen naudsynt, og difor byrja ein å byggja rekkjer av sjøhus på bolverk utover i sjøen, med bolverksbryggja ytterst. Sjøhusa hadde ein meir allsidig funksjon enn dei gamle nausta. Eit prov på strandstaden sin aukande status er at Sorenskrivarembudet for indre Sogn vart flytta hit i 1813. Bygningen Christianeslyst vart reist i åra før 1822. I 1846 fekk Solvorn eige postkontor. Ein allmenn folkeauke på 1800-talet i Sogn gjorde òg sitt til at busetnaden i Solvorn auka. Frå omlag 1850 skjer det ei gradvis utskifting/ombyggjing av dei gamle stovene til hus av "midtpipetypen".

Solvorn hadde si "stordomstid" i andre halvdel av 1800-talet. Dette hang saman med liberaliseringa av

handelsprivilegia som gjorde det lettare å utvikla ulik næringsverksemd, og det hadde samanheng med framvoksteren av dampskipstrafikken. Fylkesbaatane si dampskipsrute hadde fast stogg i Solvorn frå 1858, og i 1878 kom det dampskipskai framfor gjestgjevarstaden. Vegen opp til Galden vart utbetra og lagd om. Mot slutten av 1800-talet og ut på 1900-talet kom det eit nytt belte av bustadbyggjing bak sjøve strandsitjarmiljøet. Dette var frittliggjande einebustader, gjerne i sveitserstil. Folketalet i Solvorn nådde ein topp på denne tida på nesten 400 fastbuande.


Ein særskild bygningstype frå denne tida er tobakkshusa. Mange Lustringar utvandra til Amerika, men fleire kom òg attende. Nokre hadde hatt arbeid på tobakksfarmane i midt-vesten, andre i tobakks-industrien og etter heimkomsten tok dei til med tobakksdyrking. For å turka tobakken vart det sett opp eigne bygningar. Det kom opp fleire slike tobakkshus i Solvorn.

Ved førre sekelskifte var i hovudsak dei grunnleggjande strukturane vi kjenner frå Solvorn i dag på plass:

- Sjøve strandsitjarmiljøet med sitt mangfald av bygningar og med naust, sjøhus og bolverksbryggjer ut mot sjøen.
- I sør Sorenskrivargarden.
- I nord gjestgjevarstaden med dampskipskai.
- Hovudvegen gjekk parallelt med strondi og utgjorde vestgrensa for sjøve strandsitjarstaden.
- Vest for vegen låg eit belte med spreidd busetnad i sveitserstil.
- Kyrkja med den gamle kyrkjegarden.
- Øverst/ytterst i bygda låg dei opphavlege gardane.



Sorenskrivargarden



Øverst: Kart som viser ulike bygningstypar og ferdselsårer. Over: Flyfoto frå www.norgebilder.no

3 Kvalitetar og verdier i Solvorn

Solvorn er ein stad med særpreg og kvalitetar langt ut over det som er vanleg i dagens bygde-Noreg. Bygda har viktig **kunnskapsverdi** knytt til byggjeskikk, arkitektur og tettstadutvikling. Den heilskaplege strukturen utgjer eit historieforteljande kulturmiljø med eit klårt pedagogisk potensiale. Dette medverkar til å gje bygda stor **opplevingsverdi**, saman med dei estetiske kvalitetane i bygningsmiljøet og samspelet mellom busetnaden og det omkringliggjande kulturlandskapet og fjorden. Kulturmiljøet i Solvorn har òg **bruks- og økonomisk verdi** knytt til bustadføreml, sjøbruk og næringsdrift. Gjennom medviten bruk og forvalting kan dei kulturhistoriske kvalitetane i Solvorn gje grunnlag for vidare utvikling av kulturbasert næringsverksemd i framtida. Her kan ein til dømes samanlikna med kva som har vore mogeleg å få til på Røros.

3.1 Autentisk kunnskapsverdi

Mange av dei opphavlege strukturane frå framvoksteren av tettstaden er framleis tydelege å sjå i Solvorn. Utviklinga her var på ingen måte unik. Den same utviklinga gjekk føre seg på mange liknande stader der tilhøva låg til rette for det, m.a. i Sogndal, på Lærdalsøyri og Vikøyri. Alle desse stadene hadde den same hovudstrukturen ved førre sekelskiftet, men av ulike årsaker har den vorte skipta seinare. I Solvorn derimot har den opphavlege kontakten med sjøen og strukturen i strandsitjarmiljøet halde seg og er teken vare på fram til vår tid. Dette har samanheng med at andre stader i fyrste halvta av førre århundre litt etter litt tok over knutepunktfunksjonane som

Solvorn hadde hatt tidlegare. Av den grunn vart det ikkje så store endringar i bygningsmiljø og bustadmønster som i mange andre bygder. Ei viktig årsak til at bygda ikkje lenger hadde den same stoda som før var omlegging av transport til landevegen. I 1907 vart den nye køyrevegen mellom Sogndal og Hafslo ferdig, og sjølv om den i førstninga ikkje fekk nemnande følgjer for Solvorn, så førte dette til at Solvorn over tid vart mindre aktuell som handels- og transportknutepunkt.

Det verdifulle med tettstadstrukturen i Solvorn er at den ikkje berre er karakteristisk for indre Sogn. Dette er langt på veg ei allmenn utvikling av tettstader. Dei fleste byane i mellomalderen vart til på grunnlag av små tettsader. Dei som låg ved sjøen hadde ein struktur som langt på veg minna om Solvorn. Ei sjøhus-rekkje med bolwerksbryggjer ut mot sjøen, bak desse eit mylder av ulike bygningar men med ei parallell-stilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bakerst eit gateløp parallelt med strandkanten. I byane har alle spor etter slike tidlege strandstadstrukturar forsvunne for lang tid sidan, men dette er korleis arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin såg ut før bydanninga. Det same er tilfelle i mange andre mellomalderbyar. Det at ein slik struktur, og framleis i rimeleg autentisk stand, er så tydeleg å sjå i Solvorn, lyfter staden opp på nivå med Urnes stavkyrkje på andre sida av fjorden med omsyn til autentisk kunnskapsverdi. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som allment element, er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.



3.2 Døme på antikvarisk verdi i Solvorn


- Naustrekkja mot sjøen med bolverksfundament, sjøhus og bryggje.
- Einaste strandsitjarstaden i indre Sogn som framleis har sin opphavlege kontakt med fjorden.
- Geiler og gangstiar som er opne for fri ferdsel på kryss og tvers i strandsona.
- Solvorn har framleis dei allmenne strukturane for bydanning i mellomalderen i autentisk stand.
- Veitar og grøver med vatn som renn mellom husa med sine gamle vaskeplassar.
- Strandsitjarplassar med fjøs, stove, stabbur og uthus i eit opphavleg miljø.
- Sosial spennvidde mellom sorenskrivargarden på den eine sida, hotellet på den andre sida og strandsitjarmiljøet i midten.
- Det grøne beltet mellom strandsitjarmiljøet og den spreidde busetnaden bakom i sveitserstil.
- Gardssona med sitt kulturlandskap gjer ei estetisk ramme rundt bygda.
- Vegen frå Galden ned til Solvorn er ein viktig del av opplevinga av kulturlandskap og busetnad.
- Stor tidsdjupne og variasjon på bygningar og strukturar.

3.3 Døme på arkitekturhistorisk verdi

- Walaker Hotel med låve, tingstove, stabbur og lysthus.
- Sorenskrivargarden Christianeslyst, freda bygningsmiljø frå tida 1813-1822 med hage.
- Bolverksfundament med sjøhus og bryggjer.
- Naustmiljø.
- Strandsitjarhusa med stabbur og uthus.
- Sveitserstilhusa i bakkant av strandsitjarmiljøet.
- Synlege uttrykk for endringar i byggjeskikk over tid.

3.4 Døme på opplevingsverdi i Solvorn

- Heilskapen i den opphavlege busetnaden med tydelege og ulike bygningssoner.
- Samspelet mellom bygningsmiljø, fjellsidene rundt og fjorden.
- Landskapsrommet i Solvornbukti med autentisk strandsone, busetnadstruktur og kulturlandskap sett frå sjøen
- Kulturlandskap i aktiv drift
- Gamlevegen opp til Galden.
- Oversynet frå køyrevegen
- At det er mogeleg å spasera på vegen, på gamlevegen og mellom husa ned til sjøen
- Badestranda / Neset.
- Galleri Walaker 300
- Open butikk og kafé



4 Solvorn som inngangsportal til Urnes stavkyrkje

I 2008 var det 16000 vitjande til Urnes stavkyrkje. Dette talet er raskt aukande, og dei aller fleste kjem til Urnes frå Solvorn. Denne nærleiken til stavkyrkja forpliktar. Opplevinga av Solvorn, både visuelt og som eit autentisk kulturhistorisk miljø, er viktig for den heilskaplege forståinga av stavkyrkja. På dette viset vert Solvorn ein del av vitjinga på Urnes. Samstundes har Solvorn sitt eigenverde. Dei kulturhistoriske kvalitetane i Solvorn kan samanliknast med dei på Urnes, men dei er sjølvstøtt av eit anna slag. Ved å reindyrka og synleggjera sitt særpreg og eigenart kan Solvorn verta ein likeverdig oppleving til stavkyrkja og miljøet på Urnes. Dette vil krevja ein innsats av alle, både fastbuande, hyttefolk og kommunen.

Urnes stavkyrkje er eit av dei mest kjende kulturminna i landet. Verdsarvstatusen er i dag knytt til sjølv kyrkjebygget, men det er ei aukande forståing i alle fagmiljø at kvalitetane med kyrkja òg i stor grad heng saman med miljøet omkring. Ei vitjing i stavkyrkja vil for dei fleste innehalde fire meir eller mindre likeverdige element: Solvorn, fjordlandskapet, klyngjetunet og stavkyrkja. Av den grunn vert det i utkast til handlingsplan for Urnes gjort framlegg om ei buffersone som omfattar både fjorden og Solvorn. Etter vår meining er dette ein god idé, men dette føreset at heile Solvornbukti og landskapsrommet opp til Galden vert teken med i buffersona. Dette vil sikra at opplevinga knytt til verdsarven kjem til å omfatta dei fire elementa:

- Solvorn med sine unike kvalitetar i høve til byningsmiljø, tettstadutvikling og kulturlandskap.
- Fjordlandskapet som her er på sitt mest storslagne, men difor òg sær sårbart.
- Klyngjetunet og bygningsmiljøet på Ornes med sine historiske føringar om jordbruksbusetnaden langs etter fjorden
- Stavkyrkja.

Ei slik oppgradering av heile området vil heva statusen og gjera det lettare å tryggja kvalitetane i området som stavkyrkja heng saman med.

5 Trugsmål og utfordringar

5.1 Heilskapleg nivå

- Solvornbukti er idag utan gjennomgåande veg langs fjorden og fri for kryssande høgspenlinjer, eller andre skjemmane tiltak på eller ved fjorden. Dette er vesentleg for opplevingsverdien av bygda, og det er viktig at ein unngår inngrep av denne type i framtida. Det er særleg viktig å hegna om strandsona for at bygda sitt opphavlege uttrykk mot sjøen vert teken vare på.
- Aukande turisttrafikk. Vitjinga til Urnes stavkyrkje aukar for kvart år, og dei fleste kjem via Solvorn. I tillegg er det ein aukande tilstrøyming til Solvorn i seg sjølv. Dette er positivt for bygda, men det skapar utfordringar både i høve til trafikk, parkering og ferdsle på sjøen. I tillegg til dette kjem utfordringar med kva og korleis ulike tilbod til turistane vert utvikla. Her lyt kommunen ha ein medviten strategi for kva som kan tillatast og korleis det vert gjort.
- Trafikk. Solvorn er i ferd med å verta kvelt av biltrafikk og parkering på gode sumardagar med stor trafikk til bygda og til Ornes. Dette må løysast med parkering utafor den historiske tettstaden og med ei form for tilbringarteneste til ferga. Vegen må reserverast for køyring av fastbuande og varelevering.
- Moderne fritidsbåtar vert stadig meir dominerande i hamna. Dette kan lett føra til stor skade på sentrale verdiar i strandsona. I tillegg vil ei opphoping av fritidsbåtar virka visuelt skjemmande for opplevinga av Solvorn sett frå sjøen eller frå Ornes. Her må kommunen føra ein restriktiv politikk, og særskilde tiltak for fritidsbåtar (båthamn m.m.) må ikkje verta tillate i visuell nærleik av vernesona.



5.2 Kulturlandskap og utemiljø

- Kulturlandskapet i Solvorn er mange stader i ferd med å gro att. Eit velhalde kulturlandskap i aktiv drift er av stor verdi for bygda, og det lyt difor utarbeidast skjøtelsesplanar for dei ulike landskapsromma i bygda. Det er ein føresetnad at ein finn fram til tiltak for å sikra fortsatt jordbruksdrift i bygda.
- Granplanting. Fleire høgvaksne plantefelt med gran er i ferd med å verta dominerande i kulturlandskapet kring busetnaden. Dei vil etter kvart spreia seg ut i resten av vegetasjonen og kan koma til å endra det visuelle inntrykket av Solvorn på dramatisk vis.
- Tujaplanting og hekkar. Det er ein aukande bruk av Tuja i hagar og hekkar. Dette er eit tre som veks raskt og fort får ein storleik som trugar kringliggjande bygningar. På same vis er bruk av Tuja i hekkar eit framandelement som i sterk grad er i ferd med å endra opplevinga av miljøkvalitetane i Solvorn.
- Privatisering av felles uterom. Det er fleire døme på at geiler og gangveggar med fri ferdsle og ålmenn tilgjenge frå gammalt, i dag vert meir eller mindre privatiserte. Det kan vera tilplanting som set eit privat preg på eit offentleg område, terrassar som hindrer vanleg ferdsle eller inngjerding av grunn med ålmenn tilgjenge. Her har kommunen ei stor utfordring med å rydda opp.
- Fortetting. Dei opne jordbruksområda som ligg kring busetnaden er ein del av særpreget i Solvorn. Denne strukturen kan lett verta skipla ved utleggjing av nye bustadfelt. Det er difor viktig at kommunen har ein medviten plan for korleis dette kan gjerast utan skjemmaende fylgjer for heilskapen i kulturlandskapet.
- Press mot strandsona. Dette er truleg den mest sårbare delen av Solvorn. Frå Christianeslyst i sør til Neset i nord er dette bygda sitt andlet mot sjøen og ein umisteleg kvalitet for opplevinga av Solvorn. Aukande og støyande trafikk med fritidsbåtar, utleggjing av flytebyggjer, planar om småbåthamn, vantande vedlikehald av bolverk og bygg ut mot sjøen, privatisering av område med offentleg tilgjenge osv. er med på å svekka eit av dei mest framtrudande særtrekka i Solvorn. Her er det trong for ein medviten og restriktiv politikk frå kommunen si side.

5.3 Strandsitjarmiljøet

- Auka krav til bustadstandard. Dette har to følgjer for Solvorn. For det første vert det stadig færre fastbuande att nede i strandsitjarsona avdi husa er for små i høve til moderne standard. For det andre vert det stor etterspurnad etter byggjetomtar til nye bustader. Får dette utvikla seg fritt vil det på sikt kunne skipla det heilskaplege særpreget som gjer Solvorn så verdfull i dag. Det kvilar eit tungt ansvar på kommunen for å styre denne utviklinga slik at nybygging harmonerer med den historiske strukturen i Solvorn. Ein lyt truleg òg innsjå at det neppe er plass til alle som vil slå seg ned her, dersom kvalitetane i bygda skal oppretthaldast for framtida.
- Omgjering av tidlegare bustader til feriehus. Dette er både eit gode og eit trugsmål. Det er positivt at husa framleis er i bruk og såleis vert tekne vare på. Trugsmålet oppstår når feriebruken skapar trong og aktivitetar som går ut over sårbare tradisjonelle kvalitetar. Det er ei stor utfordring for kommunen å rydda opp i dei mistak som alt er gjort, anten det er i vankunne eller i medviten utnytting av eit uklårt eller lite handheva regelverk. For framtida er det trong for ein medviten og restriktiv politikk frå kommunen si side.
- Ei anna utfordring er å stimulere til auka heilårsbusetnad i strandsitjarmiljøet. Når høvet byr seg lyt kommunen vera open for å finna gode løysingar for å utvikle velfungerande butilhøve her som ikkje skiplar dei autentiske og antikvariske verdiane.
- Vantande vedlikehald. Mange bygg, både i strandsitjarmiljøet og i einestadfeltet, ber i dag preg av meir eller mindre mangelfullt vedlikehald. Dette gjeld særleg uthus og andre bygg som ikkje lenger er i bruk. Det er trong for opplysing og stimuleringstiltak som kan motivere eigarar og brukarar til å ta betre vare på dei opphavlege verdiane i bygda. I sær gjeld dette for strandsona kor det er viktig å ta vare på det opphavlege uttrykket mot fjorden med bolverksbyggjer, sjøhus og nausttrekkje. Her er det stor trong for aktivt vedlikehald av bygningar og bolverk.

Til høgre:

Bruk av levande plantar, spesielt i form av vintergrøne tre og større hekkar, vil endra miljøkvalitetane i Solvorn.



6 TEMATISK TILRÅDINGAR

6.1 Praktisk bygningsvern

6.1.1 Innleiing

Det beste bygningsvernet er fortløpande vedlikehald. Når dette vert forsømt set forfallet inn, og det vert tyngre og dyrare å retta opp skaden jo lenger tida går. Viljen og evna til å halda eit hus i stand heng saman med fleire allmenne faktorar som nytteverdi, bruk og høve til bruksendring, teknologisk utvikling og endra syn på kva som er naudsynt standard i bustader og fritidshus. I tillegg kjem den individuelle interessa for å ta vare på dei kvalitetane og verdiane som er å finna i gamle hus.

I Solvorn er det lett å sjå påverknaden frå alle desse faktorane. Når det gjeld vantande vedlikehald er dette særleg synleg på uthus og andre bygg kor eigarane ikkje lenger ser seg tent med eller har bruk for det opphavlege føremålet til huset. Uheldige og kunnskapslause ombyggingar er det og fleire døme på. Utfordringa til kommunen lyt vera å snu utviklinga til noko positivt. Alle hus i Solvorn kan reddast med sitt opphavlege særpreg, men for å få dette til er det trong for ein medviten forvaltning, kyndige handverkarar og motiverte eigarar.

Som hovudregel for det praktiske istandsetjingsarbeidet rår vi til at all gamal material med god kvalitet vert nytta oppatt. Skadde parti (råde, husbukk, m.m.) lyt skiftast ut med material av same type og kvalitet. Ved attendeføring er det viktig å ha ein gjennomarbeida plan på førehand og god dokumentasjon på det som vert gjort under vegs. So langt råd lyt ein finna fram til opphavlege materialkvalitetar, og der dei er ukjende nytta tilsvarande som er i hus i Solvorn med opphavlege material som førebilete.

6.1.2 Definisjon av omgrep

Istandsetjing

Tradisjonell istandsetjing har vore utført til alle tider. Ein slitt eller øydelagd del vert skifta ut med ein ny av same utsjånad og funksjon.

Restaurering

Nyttast vanlegvis om større istandsetjingsoppgåver av verneverdige bygg og konstruksjonar. So mykje som mogeleg av opphavleg materialar skal nyttast om att, og berre heilt ubrukelege deler skiftast ut med nøyaktige kopiar i same material og helst framstilt på same måte som originalen. All istandsetjing av freda bygningar skal utførast på denne måten.

Attendeføring

Dette tyder at eit hus vert bygt om, eller oppattreist og vert gjeve ein utsjånad det tidlegare har hatt i ei særskild tid.

Rehabilitering

Nyttast om ein bygning som vert sett kvalitetsmessig i stand, men som samstundes skal høva for ulike og til dels nye funksjonar. Til skilnad frå restaurering innebér rehabilitering som regel ei standardheving, ofte i samband med bruksendring. Det er ei utfordring å rehabilitere eit hus på ein slik måte at dei antikvariske kvalitetane på forsvarleg vis vert tekne vare på.

6.1.3 Strandsitjarhusa

Strandsitjarhusa var opphavleg utan kledning. Dei var sette opp med synleg tømmer og torvtak. Dette kjem tydeleg fram på dei eldste fotografia frå Solvorn, tekne i 1860-åra av K. Knudsen. Seinare fekk dei kledning og pannetak, nokre hadde skifertak. Det er denne tilstanden som må verta utgangspunkt for restaurering, eller attendeføring.

Truleg fekk dei fleste husa kledning kring førre sekelskiftet. Dette var ei tid då fleire ulike typar kledningsbord vart nytta, og difor er det stor variasjon i breidde, tjukkileik og profilering. Strandsitjarhusa hadde liggjande kledning med høvla bord, dei kunne variere i breidde på same vegg, og det var skildnader frå hus til hus. Kledningsborda kunne vera ufalsa, enkeltfalsa eller dobbeltfalsa, og dei kunne vera utan profil eller med sveitserstilprofilar. Det er viktig at gamle kledningsbord vert tekne vare på av omsyn til å synleggjera den store variasjonsbreidda. Å laga éin standard for kledningsbord i strandsitjarmiljøet vil vera uheldig. Her var det mangfaldet som radda. Ved istandsetjing lyt ein likevel unngå uhøvla bord av simpelt virke.

Når det gjeld fargeval var dei fleste strandsitjarhusa kvite eller raude. På den tida då desse bygningane vart kledde var ikkje lengre kvitfargen so mykje dyrare enn den raude. Andre fargar vart òg nytta. Dette lyt klårleggjast med historisk fargeanalyse av kvart einskild hus.

Det er mange typar vindaug å sjå i strandsitjarmiljøet, alt frå småruta rokkokostil til moderne husmorglas. På same vis som for kledningsbord, er det uråd å seia at ein type vindaug er det rette for strandsitjarhusa. Sjølv om mange av husa fekk si noverande form og utsjånad kring førre sekelskifte, vart vindaug og glasruta ofte brukt om att. Eit hus som vart ombygd kring 1900 kunne difor godt ha vindaug som var 100 år eldre. Moderne husmorglas eller vippevindaug med falske sprossar høver likevel dårleg inn i strandsitjarmiljøet, og dei lyt skiftast ut ved restaurering eller attendeføring. Då lyt ein setja inn moderne utgåve av dei opphavlege vindauga som var på huset. Det er i dag mogeleg å få gode løysingar med

Til høgre: Ulike gamle vindaugstypar og kopiar av gamle vindaug.





kopla vindaug i alle stilartar. Dei vert produserte i dag i høg kvalitet i indre Sogn. Når det gjeld termopanruter får dei gale proposisjonar på småruta glas. Store sveitserstilvindaug kan bli vellukka i termopan, men då må ein unngå den blenkjande metallista i underkant.

Det er nesten ingen opphavlege dører att i strandsitjar-miljøet. Derimot er det sett inn mange simple og til dels skjemmaende dørblad. Her lyt det gjerast eit krafttak for å bringja denne viktige detaljen attende i bygningsmiljøet. Dei fleste stovene hadde enkle fyllingsdører som har stått i flukt med innvendig vegg. Dei minste husa kan også ha klart seg med ei todelt labankdør. Gamle dører synes å ha hatt mørkare farge enn veggfargen. I den grad det er mogeleg å finna prov på korleis den opphavlege døra såg ut i det einskilde hus, lyt ein nytta det som grunnlag. Ellers får ein sjå til dei opphavlege dørane som er att i Solvorn.

Det er heller ikkje mykje originalt listverk att i Solvorn. Det lyt gjennomførast ein kartlegging av det vetle som er att som grunnlag for restaurering og attendeføring.

Sjølv om torvtak ein gong var den opphavlege taktekinga, høver ikkje det inn i miljøet i Solvorn slik det framstår i dag. Hollandsk tegl eller skifertak (avhengig av saga til det einskilde huset) er det som høver best. Bolig/fritidshus med bølgeblekk eller moderne betongpannar lyt skiftast ut ved restaurering eller attendeføring.

Det er uråd å setja ein standard for korleis strandsitjarhusa skal sjå ut, til det har variasjonen vore alt for stor. Kvart hus har si eiga historie og må handsamast ut frå sitt særpreg. Dette gjeld ikkje berre kledning, men òg takteking, vindu, dører og listverk.

6.1.4 Naust

Som strukturelt element er naustrekkja den eldste hustypen i Solvorn. Dette tyder ikkje at dei nausta som står der i dag er dei eldste husa i bygda. Dei fleste nausta er bygd i reisverk, til dels som grindverks-konstruksjonar. Eitt naust er i rundtømmer og reknast som det eldste (tilhøyrer Sjøtun-garden). Både ståande og liggjande kledning er nytta, med og utan kant. Taka er med bølgeblekk eller stålplater, men opphavleg har desse òg hatt torvtak. Ved restaurering kan bruk av bølgeblekk forsvarast på nausta, men den lyt vera rustfarga. Dørene er labankdører med store smijernsbeslag. Eitt av husa i naustrekkja er opphavleg eit tobakkshus med open kledning. Nausta har i utgangspunktet vore umåla. Seinare har dei vorte måla i tradisjonell engelskraudt.

6.1.5 Sjøhusa

Dette er ein hustype som kom til over lang tid. Dei var for det meste bygd på bolverk ut i sjøen og kunne variera mykje i storleik og utsjånad. Dei fleste er lafta med ståande vekselkledning eller liggjande sua bord. Nokre av husa har opphavleg hatt bordtak, andre har truleg hatt helletak. I dag har dei bølgeblekk. Ved restaurering vil vi tilrå helletak, bordtak men sume kan også ha bølgeblikk. Det er mange typar vindaug, dei ber preg av ombruk. Dette har truleg vore tilfelle med mykje av dei andre materialane i sjøhusa òg. Som regel var dei utstyrte med labankdører i ulik storleik. Sjøhusa var frå gamalt umåla, seinare vart dei måla med oker eller engelskraudt.

Sjøhusa er særmerkte ved at dei i stor grad står på bolverk ut i sjøen. Dette gjorde det mogeleg å losse og laste direkte frå båt, utan å ta varene i land først. Men nokre av dei kunne òg verta nytta som fjøs eller låve. Bolverksfundamenta er enkle, lafta konstruksjonar som står på sjøbotnen. Dei er til dels særslitne og er i ferd med å bryta saman fleire stader. Dette vil få katastrofale fylgjer for dei karakteristiske sjøhusa. Ei utskifting og istandsetjing av bolverka lyt gjerast med rundstokkar av høg kvalitetsvirke, osp eller furu, og sjøhusa må då mellombels stemplast eller jekkast opp.

Sjøhusa framstår med stor variasjon med omsyn til form, utsjånad og storleik. Det er av stor verdi at mangfaldet mellom desse bygningane vert teke vare på og ikkje standardisert. Fleire tidlegare sjøhus er rivne, men det ligg føre god dokumentasjon på korleis dei har sett ut. I samråd med antikvariske myndigheiter lyt det vurderast om nokre av desse skal gjenoppførast.

6.1.6 Uthus

Dei vanlegaste uthusa var fjøs, låve, stabbur og tobakkshus. Dei kunne vera konstruert på ulikt vis, anten lafta, i reisverk eller i grindverk. I dag er dei fleste kledd med liggjande panel, med unntak av tobakkshusa som har ståande, open kledning. Nokre få lafta stabbur står framleis utan kledning. Uthusa var måla i oker og engelsk raudt. Opphavleg hadde truleg alle uthusa torvtak, seinare fekk nokre bordtak og andre tegltak, men i dag har dei fleste bølgeblekk eller tjørepapp. Ved istandsetjing og restaurering lyt ein følgja saga til det einskilde husa, men torvtak vil neppe vera passande i dag. Dørane kunne dels vera ombrukte fyllingsdører eller labankdører. Vindauga varierer mykje i stil og storleik og ber mykje preg av ombruk. Uthusa var tradisjonelt prega av nøysemd og stor variasjon. Ved mogeleg bruksendringar i dag er det viktig at den enkle og sparsame stilen til desse husa vert teken vare på.

Til venstre: Nyare vindaugstypar som ikkje har tradisjon i området.



6.1.7 Christianeslyst

Christianeslyst er bygd som sorenskrivargard i tida 1813-1822. Hovudbygget er i reindyrka, men nøktern empirestil med symmetrisk grunnplan. Huset har ein stor hage i engelsk stil, kor fleire autentiske element er teke vare på. Skrivargarden er komplett med stabbur, fjøs, stall, låve, bryggjarhus med bakarovn, drengestove, lysthus, naust og badehus. Dei fleste bygga ligg i eit langstrakt tun. Bygningsmiljøet er det mest komplette og best ivareteke i Solvorn. Det har ikkje vorte nemnande endra på hundre år og er i dag freda etter Lov om kulturminne.

Då Christianeslyst vart oppført var dette eit framandelement i bygda. Hovudhuset framstod både i storleik og formspråk som meir i stil med byarkitekturen enn med lokal, landsens byggeskikk. Sjølv hustypen vart i liten grad etterlikna, men med tida vart mange av dei klassisistiske stilelementa (panel, listverk, vindauge) teken i bruk i strandsitjarhusa. Dette førte til at bygningsmiljøet i Solvorn etter kvart vart meir urbant og skilte seg ut frå den vanlege byggeskikken ellers i området, t.d. på klyngjetun m.m.

Christianeslyst framstår som eit framifrå døme på korleis hus og bygningsmiljø kan takast vare på gjennom fortløpande enkelt vedlikehald. Dette gjer dei til nokre av dei mest autentiske bygga som i dag er att i Solvorn.

6.1.8 Walaker Hotell

Hotellet har røter attende til handels- og skysstasjonen som vart oppretta her i 1640-åra. Hotellet omfattar hovudhus, tingstove, motell, utstillingslåve, utedo, stabbur og leikestove/lysthus. Hovudhuset framstår i dag i nyklassisistisk stil etter ein ombygging i 1932, teikna av arkitekt Lindstrøm. Søndre halvta av bygget er ei lemstove frå 1700-talet med gavl mot sjøen. Tingstova er truleg frå 1600-talet og var opphavsleg eit tømra hus med torvtak. Her vart det halde rettsmøter heilt fram til 1960. Huset vart ombygd og fekk kledning og tegltak på slutten av 1700-talet. Dei opphavlege vindauga frå den tida er framleis i bruk. Huset vart på nytt ombygd i 1880 og fekk veranda og ark i sveitserstil.

Låven er flytta til garden på 1880-talet. Det meste av materialane kjem frå den gamle tømra kyrkja i Solvorn frå 1600-talet og som vart riven i 1883. Her er i dag galleri i det gamle kyrkjeskipet, og i koret var det før stall. Huset har hatt skifertak, og kledningen er den opphavlege. Nokre få ekstra vindauge er sette inn i samband med innreiinga av galleriet. Dette er totalt sett eit vellukka døme på ombruk på fleire nivå.

Motellet er ein mykje omdiskutert del av hotellet. Det vart oppført i 1964 i hagen til tingstova for å auke

Venstre side: Sveitserhus

romkapasiteten ved hotellet. Bygget er ei enkel, brakkeliknande murkasse med flatt tak. Det er eit dominerande og skjemmande brot med det heilskaplege bygningsmiljøet i Solvorn. Samstundes er det tidstypisk og representativt for korleis mange overnattingsstader løyste sine romproblem på den tida. Det har soleis ei klår historieforteljande verdi, og det bidreg til mangfaldet i bygningsmiljøet. Etter vår vurdering er dette likevel for dominerande og øydelegg for mykje av den heilskaplege opplevinga av strandstadmiljøet. Det er rikeleg med døme på denne type funkisarkitektur ellers i fylket, og det er ikkje denne tidsbolken som er vesentleg for oppleving og forståing av Solvorn. Vi tilrår difor at eigarane får løyve til å byggja om motellet slik at det arkitektonisk høver betre med det historiske miljøet i Solvorn.

6.1.9 Sveitserstilhusa

Frå 1860-åra og utetter vart garden Store Vollaaker selt i parsellar som byggjeland. Dette vart starten på ei utbygging av einestader i bakkant av sjølv strandsitjarmiljøet. Samstundes kom sveitserstilen på mote, og dei fleste husa i denne sona vart oppførte i, eller seinare ombygde til denne stilretninga. Alle ligg i same retning og har langsida med ark og veranda mot sjøen. I høve til resten av bygningsmiljøet i Solvorn er sveitserhusa mykje meir standardiserte, med einsarta krysspostvindauge, same type listverk og kledningsbord med sveitserstilprofil. Når det gjeld fargesetjing har sveitserhusa hatt mykje meir variasjon enn strandsitjarhusa. Dette kan ein framleis sjå i dag. Det lyt føretakast ein historisk fargeanalyse for å klargjera fargevariasjonen som har vore mellom sveitserhusa. Taka er stort sett tekte med dråpeskifer.

Det er viktig å vera nøye med listverk, dørar og vindauge ved istandsetjing av sveitserhusa. Opphavleg virke lyt nyttast om att om mogeleg, ellers lyt ein få tak i nøyaktige kopiar. Når det gjeld sveitserstilen er dette ikkje vanskeleg i dag. Det er òg døme på sveitserstilelement nede i strandsitjarmiljøet frå tidleg på 1900-talet. Dei framstår som ein del av den autentiske strandsitjarsoga, til skildnad frå nokre av dei sterkt skjemmande ombyggingane til fritidsfremål vi ser døme på i dag.

6.1.10 Oppsummering praktisk bygningsvern

- Det er ingen standard for dei ulike bygningstypene i Solvorn. Kvart hus må handsamast for seg ut frå sitt særpreg og si historie.
- Alt arbeid (istandsetjing, restaurering, rehabilitering, attendeføring) må tuftast på kunnskap om opphavlege tilhøve, løysingar og utsjånad. Der dette vantar kan informasjon frå tilsvarande hus i Solvorn vera til god hjelp. Arkivstoff, gamle bilete m.m. lyt òg nyttast.



Detaljar frå inngangsparti.



Nye dører utan tradisjon i området



- Ved istandsetjing er det viktig at originale bygningsdelar vert brukt om att så langt råd er, og utskiftningar må gjerast med material av høg kvalitet. Ved råte, mitangrep eller husbukk må det nyttast alved frå furu. Alle nye delar må vera så likt på det opphavlege som mogeleg.
- Originale bygningsdetaljar som kledningsbord, listverk, vindaug og dørar som av ulike årsaker ikkje lenger er i bruk må ikkje kastast, men takast vare på som døme ved istandsetjing i framtida.
- Ved all restaurering eller attendeføring må det setjast opp ein plan tufta på tilgjengeleg kunnskap om det aktuelle huset. Kommunen lyt ha eit tilbod om hjelp med kunnskapsinnhenting, planarbeid og grunnleggjande arkitektenester for å motivera huseigarar til å finna gode løysingar.
- Kommunen lyt kontrollere at dei handverkarane som vert nytta i Solvorn kan prova naudsynt dugleik og røynsle med restaurering av gamle hus.
- Det lyt utarbeidast ein rettleiar i god byggeskikk som set søkelyset på dei gode løysingane og synleggjer korleis gamle bygningsdelar kan nyttast opp att. Eit godt døme her er Risør kommune som har utarbeida ein slik rettleiar.

6.2 Utemiljø

6.2.1 Inngjerdingar og skjemmande framandelement

Ein verdfull kvalitet i strandsitjarmiljøet er enno i dag eit nettverk av gangveggar, geilar og veiter (grøver) med rennande vatn. Dette har i all tid vore ein del av det offentlege rom i Solvorn med allmenn tilgjenge. Denne frie ferdsle er i dag til dels hemma av inngjerdingar, hekkar, oppbygde hagar, terrassar og andre privatiserande tiltak. Fleire stader er geilane innsnevra med tilplantingar som skapar eit privat inntrykk. Andre stader er private utemøbel sett ut på allmenne område, og deretter gjerda inn.

Ved etablering av uteplassar til strandsitjarhusa må desse etablerast på bakkenivå slik at ein unngå høgdeskilnader som m.a. inneber rekkverk

Det er naudsynt for kommunen å gripa fatt i dette og so langt ein har heimel, krevja denne snikprivatiseringa av strandsitjarmiljøet attendeførd. Alle gjerde i strandsitjarmiljøet må fjernast, og der det historisk har vore framkome for ålmenta må denne opnast opp att. Private utemøblar som ikkje vert for dominerande eller stengjer for allmenn ferdsle kan tillatast, men større prangande innretingar som til dømes grillhytte, levggar eller badestampar o.l., høyrer ikkje heime nede i strandsitjarmiljøet.

Venstre side:

Geilene står i fare for å verta privatiserte

Det same gjeld for campingvogn, bubil o.l. Dei er i dag i ferd med å verta eit aukande problem i Solvorn, både når det gjeld framkome og visuell ureining. Det lyt vera eit allment forbod mot denne type køyrety i verne-sona. Permanent oppsetjing av campingvogn skal byggjemeldast dersom vogna vert ståande i meir enn to månader. Når det gjeld grilling og anna bruk av open eld må det utarbeidast eit restriktivt regelverk.

Når det gjeld gjerde har dei historisk sett berre vore nytta rundt Christianeslyst, Gjestgjevargarden og kyrkjegarden, og nokre få andre stader. I kva mon andre stader skal kunne gjerast inn må kommunen vurdere kritisk. Gjerda vert fort ein viktig del av det visuelle inntrykket når ein er i Solvorn, og difor lyt dei ha ei historisk tidsrett utforming. Tujahekkar og avskorne telefonstolpar høver dårleg inn i det historiske miljøet. Der det er semje om at det kan setjast opp gjerde lyt dette gjerast rett, dvs. med gjerdestolpar på innsida av gjerdet, ikkje på utsida slik ein kan sjå mange døme på i dag.

6.2.2 Fargesetjing

Fargebruken i Solvorn i dag er stort sett som følgjer:

- Uthus, naust og sjøhus er raudmåla eller oker.
- Strandsitjarhusa er kvite.
- Sveitserhusa er for det meste kvite.
- Walaker hotell er i lys grønfarge (funkisfarge frå 1930-talet).
- Christianeslyst er kvitt, men nokre av uthusa er raude.

Ein lyt freista å få til ein mest mogeleg heilskapleg fargebruk som avspeglar stoda til dømes ved førre sekelskifte. Dette kan avklarast ved bruk av fargetrappar som omtalt tidlegare.

6.2.3 Skilting

Det er trong for ein todelt skiltplan. Eine delen lyt ta føre seg skiltinga langs køyrevogane frå Galden og ned. I samarbeid med Statens vegvesen må det vera mogeleg å få til ei einskapleg utforming av informasjonstavle, trafikkskilt, mastar m.m. som høver til særpreget i Solvorn. Den andre delen lyt ta føre seg korleis skiltinga nede i tettstaden skal gjerast. Kva hus skal skiltast, kva anna skal merkast og korleis osb. Ein må her tenkja over kor mykje informasjon som skal synleggjerast gjennom skilt i høve til å nytta ein enkel og lett tilgjengeleg faldar. For mange skilt kan lett verta for dominerande, og dei må vera utforma på ein gjennomtenkt måte.

6.2.4 Lyssetting og leidningsnett

I dag går alle straumledningar og telefonkablar i luftspenn i tettstaden. Det er eit mylder av ulike typar lyssetting både privat og offentleg. Vi tilrår at ein freistar å få gravd ned så mykje som mogeleg av luftspenna, slik ein gjer det mange stader både i historiske bydelar og ved andre kultur- eller



naturattraksjonar. Når det gjeld utelys lyt dette samordnast etter ein heilskapleg plan som omfattar både offentleg og privat lyssetting. Denne kan utarbeidast av fagråd i samråd med antikvariske myndigheiter.

6.2.5 Kulturlandskap, land- og hagebruk

Solvorn er ei grøn bygd. Her er tradisjonelle gardsbruk, småbruk, einebustader med små og større hagar, og sjølv nede i strandsitjarmiljøet er det grønne areal. Både gardsdrift, frukt- og bær dyrking og hagebruk er særskilte viktige verdiar for opplevinga av Solvorn. Bygda er omkransa av skog som tradisjonelt var prega av beite og vedhogst. I dag gror utmarka til og stengjer for utsynet når ein kjem nedover vegen mot Solvorn. På fleire område er det planta gran, dette er ei visuell ureining av dette historiske miljøet. I tillegg spreiar den seg no inn i anna vegetasjon. Vi tilrår at all granplanting som er synleg frå vernesona vert fjerna. Lauvskogen langs etter vegen lyt òg tynnast kraftig ut, slik at utsynet ned mot bygda vert betre.

For det visuelle inntrykket av Solvorn er det umåteleg viktig at drifta på gardane held fram. Korleis dette må gjerast er mindre viktig, det avgjerande er at eit ope kulturlandskap med aktiv landbruksdrift vert halde vedlike. På same vis er det viktig at det karakteristiske hagebruket vert teke vare på. Vår tilråding er at det i samråd med grunneigarar og landbruksorganisasjonane vert utarbeida ein landbruks- og hagebruksplan som sikrar desse viktige kvalitetane for framtida. Denne lyt inngå i ein større, heilskapleg skjøtelsesplan for kulturlandskapet i Solvorn.

Dei mindre hagane i vernesona er òg viktige for det visuelle inntrykket av Solvorn. Her er det i dag ein lei tendens til å planta høgtveksande tre og hekkar som til dels hindrar utsyn og som etter kvart vil verta ein trussel for dei kringliggjande husa. Her lyt kommunen gripa inn før det er for seint og koma med framlegg om gode løysingar. Eit treslag som Tuja burde ikkje vore lovleg å planta i vernesona.

6.3 Trafikk og parkering

Solvorn er ikkje dimensjonert for biltrafikk. Her er ikkje turvande parkeringsplassar og vegnettet høver ikkje for den tilstrøyminga av køyretøy som det er her til tider om sommaren. Det er seks typar biltrafikk til Solvorn:

- Trafikk av fastbuande.
- Trafikk til feriebusstadane.
- Gjestar på hotellet
- Badegjestar.
- Turistar som skal vitja Ornes stavkyrkje.
- Varelevering og nyttekøyring i samband med næringsverksemd.

Vårt syn er at det må innførast strenge restriksjonar på

biltrafikken nedanfor avkøyrsla til kyrkja. Herfrå lyt det berre tillatast køyring av bilar som tilhøyrer dei fastbuande, eigarar av feriehus, gjester til hotellet, bilar som skal over med ferge, varelevering og nyttekøyring. Dette lyt merkast tydeleg med skilt. Luster kommune har det siste året hatt parkeringsretteleiarar nede på fergekaien i høgsesongen for å få meir av parkeringa oppe ved kyrkja og på skuleplassen (i skuleferien). Dette har fungert bra og ordninga lyt halda fram. Strandsitjarmiljøet i Solvorn lyt vera fritt for campingvogner.

Den største trafikken om sommaren kjem frå badegjester ogistar til Ornes. For badegjester må tilbod om gratis parkering oppe ved kyrkja/skulen vera tilfredsstillande. Når det gjeld parkering for vitjande til Ornes stavkyrkje vil dette på sikt neppe vera turvande. Bil og busstrafikk til stavkyrkja er eit veksande problem mest for miljøet i Solvorn, men òg i aukande grad på Ornes-sida. Frå 2002 til 2008 steig talet vitjingar til stavkyrkja frå 12000 til 16000. Om lag 10% er gruppereiser (for det meste med buss), resten kom med eigen bil som for det meste parkerte i Solvorn.

Etter vårt syn lyt det på lang sikt byggjast ein ny parkeringsplass oppe ved Galden, til dømes på Øvrebømoen, for bilar og bussar til stavkyrkja. Det lyt opprettast eit transportforetak med elektrifisert tilbringarteneste frå parkeringsplassen og ned til kaien på Solvorn-sida, og tilsvarande på Ornessida. Dette lyt opprettast og drivast av Luster kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Eigarselskapet for M/S Ornes, Riksantikvaren og Fortidsminne-foreininga i lag. Billett for transport (inkludert ferge) og vitjing i kyrkja må kunne kjøpast på parkeringsplassen. Ei slik ordning opnar òg for ulike løysingar for formidling (med eller utan guiding) på begge sider av fjorden. Med all den kunnskapen som i dag ligg føre både om Solvorn og bygda Ornes, kan dette gjera vitjinga i stavkyrkja til ei heilt ny og onnorleis oppleving.


Fleire mindre parkeringsområde nærare sjøen kan òg vera ei mogeleg løysing. Dei må plasserast med omhug for at dei ikkje skal verka skjemma for opplevinga av landskapet og bygningsmiljøet i Solvorn. Her lyt det setjast opp billettautomatar der ein betalar for parkering, båttransport og tilgjenge til Stavkyrkja.

I fyrste omgang bør det leggjast til rette for parkering og skilting av turveg frå både Galden og Øvrebømoen via gamlevegen til kaien. Dette bør fyljast opp med god informasjon.

6.4 Aktivitetar på fjorden

Strandsona er noko av det mest sårbare i heile Solvorn. Det er ein unik kvalitet at det framleis ligg eit autentisk miljø av naust og bolverksutstikkarar med sjøhus og brygge ut mot sjøen. Difor må strandsona nyttast med

Til venstre: Døme på skiltjungelen i Solvorn



Trafikk til ferja, snuplass for buss og parkeringsplass for besøkjande som skal til badeplassen eller til Ornes, er ei utfordring. Mange kjem med plasskrevjande bubilar.

varsemd. Flytebyggjer kan ikkje tillatast i eit slikt område, og større båtar kan berre leggja inntil for av- og pålessing. Tradisjonell oppankring av småbåtar (under 20 fot) på svai er det einaste som høver ein slik stad. Dette er restriksjonar som lyt gjelda langs heile strondi frå Neset til Christianeslyst.

I den grad det er trong for ei båthamn med flytebyggjer, lyt plasseringa av denne vurderast nøye. Dette er eit sers verknadsfullt inngrep reint visuelt og høyrer ikkje heime i eit historisk strandstadmiljø. Det fører som regel med seg auka trafikk på land og på sjøen. Over tid skapar ei slik båthamn og trong for inngrep på landsida. Innanfor vernesona mellom Neset og Christianeslyst må det etter vårt syn vera uaktuelt, òg av omsyn til samspelet mellom Solvorn og Urnes stavkyrkje. Den einaste staden vi kan tilrå er i Mosaviki.

Moderne ferietrafikk med hurtiggåande båtar vert fort eit problem på ein plass som Solvorn. Landskapet har òg ei form som gjer at motorlyd lett vert til støy. Det lyt difor vera fartsrestriksjonar i indre luten av bukta, frå ei line mellom Neset og Jekthammaren. Innafor her lyt det vera maksimumsfart på 5 knop, og forbod mot vannski, vannscooter og liknande.

6.5 Fagråd

Det er lett å sjå i Solvorn i dag at det skortar på kunnskap om dei kulturhistoriske verdiane i bygda og korleis desse best kan takast vare på. Likeins er det trong for betre dialog og kontakt med kommunen i byggjesaker og rådgjeving om finansiering av eit bygningsvern. Vi tilrår difor at det vert oppretta eit fagråd for Solvorn. Eit slikt råd vil kunne ha fleire oppgåver, men det er særskild viktig at det skal stimulera til auka interesse for å ta vare på bygningsarven og dei særskilde kvalitetane i bygda.


Det lyt kunne gje råd til huseigarar i byggjesaker, hjelpa til med å finna gode løysingar som er i tråd med særpreget i bygda, ta initiativ til å opprette eit arkiv for bygningsdetaljar som lister, vindauger, kledning m.m. Kommunen lyt snarast setja ned ei arbeidsgruppe for å definera nærare mandat og kvalifikasjonar til fagrådet. Det er viktig at fagrådet har ei god lokal forankring med representantar for dei fastbuande som har førstehands kunnskap om lokale tilhøve og historisk utvikling. Samstundes må fagrådet halda høgt fagleg nivå og knyta til seg fagfolk utanfrå med kompetanse på tettstadutvikling, kulturlandskap m.m. Minst like viktig er det å ha med handverkarar med dugleik og røynsle frå Solvorn eller tilsvarande bygningsmiljø.



7 Prioritert handlingsplan

- 1) **Strandsona med bolverk, sjøhus og naust.** Det haster med å koma i gang med å sikre strandsona før det er for seint. Dei mest unike kvalitetane i Solvorn ligg her, med den autentiske kontakten mot sjøen. Ein lyt snarast koma igang med å utarbeide kostnadsoverslag og planleggja arbeidet, for så å søka om pengar. Sjølv om sjøhusa er privat eigde, er det etter vår meining naturleg at kommunen engasjerar seg i dette arbeidet. I samband med dette arbeidet må det krevjast at flytebyggjer vert fjerna og at det vert innført restriksjonar på båttrafikken.
- 2) **Avprivatisering av geiler og gangveggar, fjerning av gjerde og hekkar m.m.** I samband med dette lyt det lagast ein plan for kor det skal vera gjerde og korleis dei skal sjå ut.
- 3) **Utarbeide ein trafikk og parkeringsplan.** Vi tilrår at det vert opparbeida ein parkeringsplass oppe ved Galden.
- 4) **Eit uthusprosjekt** lyt startast opp for å få sett uthus med vantande vedlikehald i stand og for å sjå på korleis dei mange flotte uthusa i Solvorn best kan verta utnytta for framtida. Det kan her vera av interesse å jamføra med uthusprosjektet på Røros.
- 5) Det er trong for ein **skjøtselsplan for kulturlandskapet**, for at dei karakteristiske grønt-strukturane i bygda vert tekne vare på for framtida. Samstundes lyt ein finna heimel til å fjerna ein del uheldige og skjemmande treplantingar (gran, tuja) i og utanfor tettstaden. Det er òg viktig å få på plass ein jordbruksplan for å sikra at dei karakteristiske hagane med frukt- og bær dyrking vert oppretthaldne, og at mjølkeproduksjonen held fram. Gardane skjøttar dei største grønt-areala i Solvorn, og dette har umåteleg stor verdi for den visuelle opplevinga av bygda.
- 6) **Attendeføring.** Nokre få hus er ombygde so hardt til ferieføremål at det har stor skjemmande verknad på den heilskaplege opplevinga av bygda. Kommunen lyt sjå på korleis ein kan få til ei attende-føring eller ombygging av desse bygningane på ein slik måte at det harmonerar med byggjeskikken i Solvorn. Dette gjeld òg motellet.
- 7) For den tilreisande og for ålmenta er det mangel på **enkel, lettfatteleg informasjon** om byggje-skikken og den historiske utviklinga av strandsitjarmiljøet. Ved å utarbeide ein formidlingsstrategi vil det kunna auka forståinga og motiveringa for å ta vare på kvalitetane i Solvorn. Nyttige tiltak kan til dømes vera skilting, faldarar, og/eller enkle guidebøker. I høgsesongen, når hundrevis av menneske ventar på ferga, kunne det òg vera aktuelt å prøva ut ei enkel form for guida "strandsitjarvandring".





Formgjeving av uteplassane er viktige både for dei som skal bruka plassane og for heilheita til Solvorn.

8 Vidare perspektiv

Alle tiltak i Solvorn må ha ei langsiktig og heilskapleg målsetjing. Busetnad og kulturlandskap har ein karakteristisk struktur som det er viktig å ta vare på. Det som av mange vert oppfatta som ein idyll er i røynda sett saman av eit mangfald av kvalitetar som grip inn i kvarandre. Vert nokon av desse kvalitetane svekka, kan det fort få fatale fylgjer for heilskapen. Ei overordna målsetjing må difor vera å auka kunnskapen og stimulera interessa for å ta vare på dei mange verdiane i bygda.

Det er stor tidsdjupne og variasjon i bygningsmiljøet i Solvorn. Dette gjer at det ikkje er rett å setja opp ein standard for korleis dei ulike bygningstypene i bygda skal sjå ut, med mogelege unntak for sveitserhusa som i stor grad har eit einsarta uttrykk. Samstundes er det lett å sjå kva som ikkje høver inn i dei ulike miljøa. Men i staden for å lage "fy-lister" over alt som ikkje er tillate, er det betre å lyfta fram dei gode føredøma på kva som er mogeleg å få til. Aktiv rådgjeving og demonstrasjonar av gode løysingar vil vonleg kunna motivere huseigarar til større medvit om dei kulturhistoriske verdiane dei har til rådvelde, og om korleis dei kan nyttast på ein god måte.

Autensitet er ein viktig kvalitet i Solvorn. Sjølv om bruken av bygningane i stor grad er endra, så framstår framleis dei fleste som "ekte vare". Dette er vesentleg for opplevings- og kunnskapsverdien i bygda. Samstundes vil det alltid vera ei utfordring å ta vare på det autentiske preget når ein bygning skal nyttast til noko meir enn berre reint museale føremål. Det vil etter vårt syn vera avgjerande for Solvorn si framtid at ein maktar å ta vare på dei autentiske kvalitetane ved istandsetjing og restaurering. Ellers vert bygda til ei kulisser. For dei som er ottefulle for korleis dette kan gjennomførast, vil vi tilrå at ein ser nærare på kva dei har fått til i bygder kor ein har reindyrka satsinga på kulturhistoriske verdiar, som t.d. Røros, Sogndalsstrand i Rogaland, o.a.

I tillegg til istandsetjing, restaurering og attendeføring av eksisterande bygningar, lyt det vurderast om einskilde hus som tidlegare er fjerna, men som er godt dokumenterte, skal setjast opp att i kopi. Dette er gjort andre stader, t.d. på Bryggen i Bergen, kor den ytre delen av husrekka fram mot Vågen vart attreist 40 år etter at dei brann ned. Dette er tiltak som må drøftast nøye med antikvariske myndigheiter. Men det kan verta eit bidrag til å styrke profilen og særpreget i Solvorn.

Det er i dag berre 10 huslydar att som bur fast nede i det historiske bygningsmiljøet ved strondi. Stendig fleire hus står mykje tomme, sjølv om mange vert nytta til ferieføremål. Det er positivt at husa vert tekne vare på til fritidsbruk, men det er ei utfordring å få folk til å ta vare

på dei kulturhistoriske miljø-kvalitetane i og rundt desse bygningane. Likeeins er det ei utfordring å sikre mest mogeleg bruk av så mange hus som mogeleg. Totalt er det 216 fastbuande i Solvorn, men interessa for å busetja seg i bygda er stor. Dette kan lett føra til press på område som ikkje lyt leggjast ut som byggjefelt i høve til dei heilskapelege kulturminneverdiane i bygda. Truleg lyt ein innsjå at det ikkje er plass i Solvorn til alle som vil slå seg ned her. Det vil verta ei utfordring å få flest mogeleg til å bu der det er trong for busetnad, t.d. i dei historiske delane av bygda, samstundes som ein skjermar sårbare område for skjemmande utbygging. Dersom ein ikkje lukkast med dette, kan Solvorn lett verta eit offer for sin eigen popularitet.

Ei vellukka utvikling i Solvorn er avhengig av at kvalitetane knytt til bygningsmiljø og kulturlandskap vert tekne vare på. Sjølv om dette i nokre høve vil handla om restriksjonar, so opnar det òg for gode vilkår for kulturbasert næringsutvikling knytt til reiseliv, kunst og handverksverksemd m.m. Det er mange døme både her til lands og utanlands på at satsing på kulturminne og kulturarv kan gje positive ringverknader i form av ny næringsstruktur. Ved å verta ein del av buffersona til UNESCO-området på Ornes vil Solvorn få eit ekstra løft i den samanhengen. Etter vårt syn er det avgjerande at kommunen får kulturarvsforvalting, bustadplanlegging og næringsutvikling til å virke i lag. Framtida til Solvorn er avhengig av at ein oppnår dette.



*Til høgre:
Strandsone har ulike utfordringar for framtida*





Bolverk har lange tradisjonar i området



Tilsynelatande små detaljer kan vera avgjerande for å få til eit heilheitleg miljø i Solvorn.



